



Vestlandsanalyse
nr. 1-20

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse

Bakgrunn

Osterøy kommune har sett i gang eit prosjekt for å finne svaret på kva rolle kommunen skal ha i næringsutviklinga i framtida. Som eit ledd i dette har Osterøy Utvikling, som leiar arbeidet, spurt Vestland fylkeskommune om å lage ei nullpunktsanalyse for å kartlegge eksisterande næringsstruktur, demografi, kompetanseprofil og liknande. Det er også ønskeleg at situasjonen i Osterøy blir satt inn i ein større regional, nasjonal og internasjonal kontekst. Analysen skal brukast som utgangspunkt for vidare diskusjonar i prosjektet og kunne fungere som eit målepunkt seinare i prosessen. Dette stiller krav om at analysen relativt enkelt kan bli oppdatert og reproduisert av kommunen sjølv i etterkant, og at innhaldet blir presentert på ein sånn måte at det er forståeleg for alle interessentar i prosessen.

Merknad: rapporten blei fullført før covid-19-krisa og tek dermed ikkje omsyn til eventuelle endringar som ein følgje av den pågåande situasjonen. Datainnsamlinga for rapporten var avslutta 10. mars.

OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Seksjon for forskning, kompetanse og internasjonalisering ved Avdeling for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune

Forfattar: Lasse Kolbjørn Anke Hansen, spesialrådgjevar (lasse.hansen@vlfk.no)

For fleire rapportar frå VLFK: <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/>

Dato: 4. mai 2020

Merknad: rapporten blei fullført før covid-19-krisa og tek dermed ikkje omsyn til eventuelle endringar som ein følgje av den pågåande situasjonen. Datainnsamlinga for rapporten var avslutta 10. mars.

Innhald

Nøkkeltal frå rapporten	6
Demografi	6
Næringsstruktur	6
Arbeidsmarknad.....	7
Kompetanse	7
1. Demografi.....	8
Nøkkelfunn frå kapitlet	8
Folketalssamansetnad, kjønn og alder.....	9
Demografisk utvikling	10
Innvandring og utanlandske statsborgarar	11
Folketalsframskriving	12
2. Næringsstrukturen i Osterøy	15
Nøkkelfunn frå kapitlet	15
Lesarretteiing.....	16
Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland.....	16
Omgrepa <i>sysselsette i Osterøy</i> og <i>sysselsette busette i Osterøy</i>	16
Næringar og næringsgrupper	17
Næringsstruktur	18
Meir detaljert næringsinndeling	19
Skilnadar mellom busette sysselsette og sysselsette	22
Regionale fortrinn.....	25

Verdiskaping og produktivitet	30
Arbeidsplassutvikling.....	31
Bedriftssamansetting	33
3. Arbeidsmarknaden i Osterøy	36
Nøkkelfunn frå kapittelet	36
Sysselsettingsgrad.....	37
Arbeidslause.....	39
Deltid og fulltid	40
Pendling	41
Lønnstakarar busett i Osterøy etter yrke	43
Framtidig erstatningsbehov	44
4. Kompetanse.....	48
Nøkkelfunn frå kapittelet	48
Utdanningsnivå i arbeidsstyrken i Osterøy.....	49
Elevar i vidaregåande opplæring – studieprogram	51
Studentar frå Osterøy.....	52

Figurar og tabellar

Figur 1: Folketalspyramide etter alder for Osterøy, 2016-2020	9
Figur 2: Alderssamansetnad i Osterøy, 2020	10
Figur 3: Komponentane i folketalsutviklinga i Osterøy per kvartal, 1997-2019	11
Figur 4: Dei største gruppene av utanlandske statsborgarar i Osterøy, 2020	12
Figur 5: Fem scenario for folketalsutviklinga i Osterøy fram mot 2045	13
Figur 6: Folketalet i Osterøy etter aldersgrupper, reelle tal 2018 og framskriving 2019-2045	14
Figur 7: Sysselsette i Osterøy fordelt på næringsgrupper og kjønn, 2019.....	18
Figur 8: Del sysselsette i næringsgrupper i Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland, 2019	19
Figur 9: Sysselsette i Osterøy fordelt på næring og kjønn, 2019.....	20
Figur 10: Del sysselsette i dei 20 største næringane i Osterøy samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland, 2019	21
Figur 11: Busette sysselsette og sysselsette i Osterøy fordelt på næringsgrupper, 2019	22

Figur 12: Del sysselsette busette og sysselsette i Osterøy fordelt på næringsgrupper, 2019	23
Figur 13: Skilnad mellom sysselsette og sysselsette busette i Osterøy etter næring, 2019	24
Figur 14: Årsverk og bruttoprodukt fordelt etter næringer i Osterøy, 2016	30
Figur 15: Indeksert utvikling i sysselsette i Osterøy i dei ti største næringsgruppene. 2015-2019 (2015=100)	32
Figur 16: Utvikling i tal verksemder med tilsette i Osterøy etter tal tilsette, 2013-2020	33
Figur 17: Tal verksemder innan dei 20 næringane med flest verksemder etter tal tilsette, 2020	34
Figur 18: Tal verksemder med tilsette innan dei 20 største næringane i Osterøy etter tal tilsette, 2020	35
Figur 19: Del sysselsette i befolkninga 15-74 år i Osterøy etter kjønn og alder , 2019	37
Figur 20: Del sysselsette i befolkninga 15-74 år, 2019	38
Figur 21: Del registrerte arbeidsledige i arbeidsstyrken, fjerde kvartal 2019	39
Figur 22: Avtalt stillingsprosent for lønnstakarar i Osterøy etter kjønn, 2019	40
Figur 23: Pendlingsdiagram for Osterøy, 2018.....	42
Figur 24: Del lønnstakarar etter bustad og yrkesgruppe i Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland, 2019	43
Figur 25: Sysselsette etter aldersgruppe for Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland, 2019	44
Figur 26: Tal sysselsette 55-74 år i næringsgrupper i Osterøy, 2019.....	45
Figur 27: Del sysselsette i næringsgrupper etter aldersgrupper i Osterøy, 2019	46
Figur 28: Erstatningsbehov i Nordhordland etter næring neste 5 år (NAV prognoser).....	47
Figur 29: Utdanningsnivå for sysselsette i Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland, 2019	49
Figur 30: Del sysselsette med utdanningsnivå etter fagfelt i Osterøy, 2019	50
Figur 32: Del elevar på VG1 i Nordhordland og Vestland etter studieprogram, 2018-2019	51
Figur 31: Delen av elevane som tek yrkesfag. Maks: Nordhordland med 80 %. Min: Bergen med 42... ..	51
Figur 33: Tal studentar i høgare utdanning som var busett i Osterøy som 16-åringar etter kjønn, 2000-2018	52

Tabell 1: Del sysselsette innan næringsgrupper i Osterøy, resten av Nordhordland, Vestland og Noreg	26
Tabell 2: Del sysselsette innan næringer kor Osterøy har eit fortrinn, samt tal for resten av Nordhordland, Vestland og Noreg.....	27
Tabell 3. Del sysselsette innan næringshovudgrupper kor Osterøy har eit fortrinn, samt tal for resten av Nordhordland, Vestland og Noreg.....	29

Nøkkeltal frå rapporten

Demografi

- Folketalet i Osterøy har auka med 13 % sidan 2007, likt med Vestland fylke som heilskap.
- Kommunen har eit overskot av menn, og det er særleg tydeleg i alderen 15-24 år og 40-54 år.
- For kvar person i primær arbeidsfør alder er det éin annan person som anten er i skulealder, mot slutten av arbeidslivet eller alderspensjonert.
- Dei to siste åra har Osterøy hatt folketalsnedgang grunna låg nettoinnvandring (2018) og nettoutvandring (første tre kvartal 2019), samt høg innanlandsk nettofråflytting.
- Fram mot 2030 viser fylkeskommunen sin folketalsprognose at det er venta 394 fleire innbyggjarar i Osterøy som er 67 år eller eldre. Det er ein auke på 30 %, mot ein generell folkevekst på 9 %. Den aldersgruppa som er venta å vekse mest er 75-84-åringar med ein venta auke på 296 personar (+70 %).

Næringsstruktur

- I 2019 hadde Osterøy 4 025 innbyggjarar som var registrert som sysselsette.
- På same tid var det registrert 2 825 sysselsette med arbeidsplass i kommunen.
- Helse og sosial, industri, bygg og anlegg, samt undervisning er dei fire næringsgruppene som sysselset flest personar i Osterøy. Det er eit tydeleg kjønnsdelt arbeidsmarknad.
- Samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland fylke er metallvareindustrien, oppføring av bygningar, land- og rørtransport, næringsmiddelindustrien og motorkjøretøyindustrien mykje større i Osterøy.
- Osterøy har eit fortrinn innan jordbruk, skogbruk og fiske, industri, bygg og anlegg, transport og lagring, samt undervisning. Det betyr at delen sysselsette innanfor desse næringsgruppene er 25 % høgare i Osterøy enn i Noreg som heilskap.
 - Med ei finare næringsinndeling har Osterøy fortrinn innan følgende næringar:
 - Jordbruk, tilknytta tenester, jakt
 - Fiske, fangst og akvakultur
 - Næringsmiddelindustri
 - Kleideindustri
 - Lær- og lærvareindustri
 - Metallvareindustri
 - Motorkjøretøyindustri

- Møbelindustri
- Oppføring av bygningar
- Spes. byggje- og anleggsverksemd
- Landtransport og rørtransport
- Sjøfart
- Undervisning
- Pleie og omsorg i institusjon
- Lønt arbeid i private hushald

Arbeidsmarknad

- Om lag 2 av 3 innbyggjarar i alderen 15-74 år i Osterøy er sysselsett. Menn er i større grad sysselsett enn kvinner, 71,5 % mot 64,5 %.
- Osterøy har høgare sysselsettingsgrad enn både fylket som heilskap og landet. Kommunen har også lågare arbeidsløyse enn fylket som heilskap og landet.
- Det er totalt 2 268 personar som både bur og jobbar i kommunen, medan 1 775 pendlar ut. Det gir en pendlingsdel på 44 %, noko som er tiande høgaste i fylket
- 74 % av all pendlingsaktivitet frå og til Osterøy gjekk til og frå Bergen. Det er også vesentleg pendlingsaktivitet med nabokommunane Alver og Vaksdal, samt Rogaland og Oslo.
- 15 % av lønstakarane i Osterøy jobbar innan handverksyrke og 16 % som prosess- og maskinoperatørar. Samanlikna med fylket er det spesielt handverksyrke og prosess- og maskinoperatørar kommunen skil seg ut på.
- 643 av dei sysselsette i Osterøy, nesten ein firedel, er 55 år eller eldre. Det er naturleg å rekne med at ein god del av desse vil gå ut av arbeidslivet over dei neste ti åra.
- Tre næringar står for meir enn halvparten av sysselsette 55 år eller eldre i Osterøy: helse og sosial, industri og transport og lagring. Dette er også blant dei største næringane i Osterøy.

Kompetanse

- Osterøy har ein høgare del sysselsette med grunnskule som høgaste utdanningsnivå og lågare del med høgare utdanning samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland som heilskap. For både Osterøy og resten av Nordhordland er den største gruppa dei med vidaregåande utdanning som høgaste utdanningsnivå.
- Skilnaden i utdanningsnivå mellom dei som jobbar i Osterøy og dei som bur i kommunen, men jobbar både der og i andre kommunar, gjer at vi grovt forenkla kan sjå teikn til at Osterøy sendar ut arbeidstakarar med høgare utdanning mens dei får inn arbeidstakarar med vidaregåande som høgaste utdanning, truleg mykje fagarbeidarar. Dette heng nok saman med næringsstrukturen.


1. Demografi

Nøkkelfunn frå kapittelet

- Folketalet i Osterøy har auka med 13 % sidan 2007, likt med Vestland fylke som heilskap.
- Kommunen har eit overskot av menn, og det er særleg tydeleg i alderen 15-24 år og 40-54 år.
- For kvar person i primær arbeidsfør alder er det éin annan person som anten er i skulealder, mot slutten av arbeidslivet eller alderspensjonert.
- Dei to siste åra har Osterøy hatt folketalsnedgang grunna låg nettoinnvandring (2018) og nettoutvandring (første tre kvartal 2019), samt høg innanlandsk nettofråflytting.
- Av dei drygt 760 utanlandske statsborgarane i Osterøy 1.1.2020 var 63 % frå land i Aust-Europa; dei aller fleste frå dei nye EU-landa.
- Fram mot 2030 viser fylkeskommunen sin folketalsprognose at det er venta 394 fleire innbyggjarar i Osterøy som er 67 år eller eldre. Det er ein auke på 30 %, mot ein generell folkevekst på 9 %. Den aldersgruppa som er venta å vekse mest er 75-84-åringar med ein venta auke på 296 personar (+70 %).

Folketalssamansetnad, kjønn og alder

Osterøy kommune hadde 8 098 innbyggjarar per 1.1.2020. Folketalet har auka med om lag 13 % sidan 2007, som er det same som Vestland fylke som heilskap. Talet menn har auka med 14 %, medan talet kvinner auka med 11 %. Snittalderen er 40,9 år for kvinner og 40,2 år for menn.




Figur 1: Folketalsspyramide etter alder for Osterøy, 2016-2020

Figuren viser folketalet i Osterøy fordelt etter alder og kjønn for perioden 2016-2020.

Kjelde: SSB tabell 07459.

Figur 1 viser at delen kvinner i Osterøy for kvart årskull har ei flatare «kurve» enn tilsvarende for menn. Det betyr at talet kvinner i kvart kull er relativt likt, medan det blant menn er større skilnad mellom dei store og små kulla. Dette heng særleg saman med at det er ein konsentrasjon av menn seint i tenåra/ tidleg 20-åra og i 40-50-åra i kommunen, utan tilsvarende for kvinner. Sagt på ein enklare måte er det eit overskot av menn i Osterøy, og det er særleg tydeleg i alderen 15-24 år og 40-54 år. Noka av årsaka til dette er truleg høgare fråflytting blant kvinner.

Figur 2 viser at om lag ein firedel av befolkninga i Osterøy ved inngangen til 2020 var 0-19 år, halvparten er 20-60 år, og den resterande firedelen er frå 60 år og oppover. Det betyr at for kvar person i primær arbeidsfør alder er det éin annan person som anten er i skulealder, mot slutten av arbeidslivet eller alderspensjonert.



Figur 2: Alderssammansetnad i Osterøy, 2020

Figuren viser kor stor del av befolkninga i Osterøy per 1.1.2020, fordelt etter ulike aldersgrupper.


Kjelde: SSB via statistikk.ivest.no.

Talet 0-15-åringar i Osterøy gjekk ned tidleg på 2000-talet, auka i perioden 2012 og fram til 2017, før det igjen har gått noko ned dei siste åra. Ved inngangen til 2020 var det 1 615 0-15-åringar i kommunen. På same tid har talet innbyggjarar som er 70 år eller eldre auka frå 851 i 2007 til 1 101 i 2020.

Demografisk utvikling

Som for dei fleste andre kommunar i landet var innvandringa den viktigaste bidragsytaren til positiv folkevekst i Osterøy dei fleste åra frå og med EU-utvidinga i 2007 og fram til oljekrisa rundt 2015. Samstundes utgjorde innanlandsk tilflytting ein relativt høg del av den totale folkeveksten i Osterøy, noko som er ulikt mange andre vestlandskommunar. Det er mogleg dette skuldast såkalla sekundærflytting av innvandrarar, som vil seie tilflytting av innvandrarar frå andre kommunar i landet, men det har vi ikkje tal på.

Etter 2015 har også fødselsoverskotet bidrege relativt mykje til folkeveksten i kommunen, og i 2018 og dei tre første kvartal av 2019 var dette den viktigaste positive bidragsytaren til folketalsutviklinga. Dei to siste åra har nemleg Osterøy hatt folketalsnedgang grunna låg nettoinnvandring (2018) og nettoutvandring (første tre kvartal 2019), samt høg innanlandsk nettofråflytting.




Figur 3: Komponentane i folketalsutviklinga i Osterøy per kvartal, 1997-2019

Figuren viser korleis de tre komponentane i folketalsvekst, fødselsoverskot, nettoinnvandring og innanlandsk nettoflytting, har utvikla seg i Osterøy i perioden 1997 til 2019

Kjelde: SSB tabell 01223.

Innvandring og utanlandske statsborgarar

Ved inngangen til 2019 hadde Osterøy 756 innbyggjarar som var innvandrarar eller born av innvandrarar. 561 av desse hadde bakgrunn frå Europa utanom Tyrkia, 125 frå Asia med Tyrkia, 50 frå Afrika, 11 frå Nord-Amerika og 9 frå Sør- og Mellom-Amerika. SSB publiserer ikkje informasjon om kva spesifikke land innvandrane eller born av innvandrarar kjem frå, men til gjengjeld har dei tal for landbakgrunnen til utanlandske statsborgarar i alle kommunar i Noreg.



Figur 4: Dei største gruppene av utanlandske statsborgarar i Osterøy, 2020

Figuren viser kor stor del ulike nasjonalitetar utgjer blant dei utanlandske statsborgarane i Osterøy per 1.1.2020.

Kjelde: SSB tabell 11366


Som figur 4 viser var brorparten av dei utanlandske innbyggjarane ved inngangen til 2020 frå Aust-Europa. Av dei drygt 760 utanlandske statsborgarane, var 63 % frå land i Aust-Europa, dei aller fleste frå dei nye EU-landa. 40 % av alle utanlandske statsborgarar i Osterøy var polakkar og 13 % frå Litauen.

Dei tredje, fjerde og femte største gruppene var personar frå Tyskland, Thailand og Eritrea (alle 5 %). Gruppert etter område var den nest største gruppa vest-europearar (17 %). 7 % kom frå Asia (utan Mellom-Austen), 6 % frå Afrika og 5 % frå Mellom-Austen.

Folketalsframskriving

Vestland fylkeskommune si folketalsframskriving frå 2019 viser at det er fleire moglege scenarior for folketalutviklinga i Osterøy. Hovudalternativet viser eit utvikling kor folketalet er venta å auke med om lag 1 200 innbyggjarar (14 %) fram mot 2040. SSB sitt middelalternativ frå 2018 ventar noko høgare vekst (19 %) i same periode. Høg- og lågscenarior frå fylkeskommunen si framskriving gjev høvesvis 29 % og 1 %, slik at utfallsrommet er stort og usikkerheita høg for Osterøy. Det same er også tilfelle for dei fleste andre vestlandskommunar, spesielt med så lang tidshorisont.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse




Figur 5: Fem scenario for folketalsutviklinga i Osterøy fram mot 2045

Figuren viser folketalsutviklinga i Osterøy i perioden 1998-2019, samt fem scenario for framtidig folketalsutvikling. Fire av dei er henta frå Vestland fylkeskommune sine folketalsframskrivingar for 2019-2045, medan den siste er SSB sitt middelalternativ frå 2018. Sjå AUD-rapport nr. 13.1-19 for meir informasjon om alternativa.

Kjelde: statistikk.ivest.no og SSB tabell 11668.

Figur 6 viser utviklinga i talet innbyggjarar i Osterøy i ulike aldersgrupper frå 2018 til 2045, gitt hovudalternativet i fylkeskommunen si befolkningsprognose. Tala blir meir og meir usikre jo lengre fram i tid vi ser, men på kortare sikt er framskrivinga på aldersgrupper meir treffsikker, mellom anna fordi vi til dømes er sikre på at alle som vil vere 70-åringar i 2030, er 60 år i dag. Spørsmålet blir derfor «berre» kor mange av dei som kjem til å bu i kommunen. Sidan vi veit at flyttefrekvensen blant personar over 60 er svært låg, reknar vi med at Osterøy i 2030 vil ha om lag like mange 70-åringar som dei i dag har 60-åringar, pluss/ minus litt flytting, og nokre dødsfall. Med det atterhaldet kan vi sjå at den venta utviklinga i dei unge aldersgruppene er relativt flat. Relativt små barnekull dei siste åra gjer også at talet 16-19- og 20-29-åringar faktisk er venta å gå noko ned fram til 2030. Talet eldre er derimot venta å auke vesentleg. I 2030 er det estimert at det vil vere 394 fleire som er 67 år eller eldre. Det er ein auke på 30 %, mot ein generell folkevekst på 9 %. Den aldersgruppa som er venta å vekse mest er 75-84-åringar med ein venta auke på 296 personar (+70 %).

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse



Figur 6: Folketalet i Osterøy etter aldersgrupper, reelle tal 2018 og framskriving 2019-2045

Figuren viser folketalsutviklinga i Osterøy i perioden 2018-2045 fordelt på aldersgrupper. Reelle tal i 2018, 2019-2045 er hovudalternativet i Vestland fylkeskommune sine folketalsframskrivingar for 2019-2045. Sjå AUD-rapport nr. 13.1-19 for meir informasjon dei ulike scenarioa.

Kjelde: statistikk.ivist.no.

2. Næringsstrukturen i Osterøy

Nøkkelfunn frå kapittelet

- I 2019 hadde Osterøy 4 025 innbyggjarar som var registrert som sysselsette.
- På same tid var det registrert 2 825 sysselsette med arbeidsplass i kommunen.
- Helse og sosial, industri, bygg og anlegg, samt undervisning er dei fire næringsgruppene som sysselset flest personar i Osterøy. Det er ein tydeleg kjønnsdelt arbeidsmarknad.
- Osterøy har ein langt høgare del arbeidsplassar innan industri og bygg og anlegg enn resten av Nordhordland og Vestland som heilskap, og tilsvarande lågare del innan mellom anna varehandel.
- I industrien er det spesielt metallvare- og næringsmiddelindustrien som sysselset mange i kommunen.
- Samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland fylke er metallvareindustrien, oppføring av bygningar, land- og rørtransport, næringsmiddelindustrien og motorkjøretøyindustrien mykje større i Osterøy.
- Osterøy har eit fortrinn innan jordbruk, skogbruk og fiske, industri, bygg og anlegg, transport og lagring, samt undervisning. Det betyr at delen sysselsette innanfor desse næringsgruppene er 25 % høgare i Osterøy enn i Noreg som heilskap.
 - Med ei finare næringsinndeling har Osterøy fortrinn innan følgande næringar:
 - Jordbruk, tilknytta tenester, jakt
 - Fiske, fangst og akvakultur
 - Næringsmiddelindustri
 - Kleideindustri
 - Lær- og lærvareindustri
 - Metallvareindustri
 - Motorkjøretøyindustri
 - Møbelindustri
 - Oppføring av bygningar
 - Spes. byggje- og anleggsverksemd
 - Landtransport og rørtransport
 - Sjøfart
 - Undervisning

- Pleie og omsorg i institusjon
- Lønt arbeid i private hushald
- Målt mot resten av Nordhordland og Vestland har Osterøy ein høgare del av bruttoproduktet frå akvakultur, fiskeforedling, produksjon av metallvarer, bygg og anlegg og kommunal tenesteyting.
- Osterøy har høgare del årsverk innan fiskeforedling, produksjon av metallvarer, bygg og anlegg og land- og lufttransport, samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland som heilskap. I tillegg har kommunen ein langt høgare del årsverk innan kommunal tenesteyting enn fylket som heilskap.
- Ved inngangen til 2020 var det 764 registrerte verksemder i Osterøy. Om lag to tredeler av desse hadde ingen registrerte tilsette. Følgeleg kan det vere dei ikkje lenger er aktive eller enkeltmannsføretak med liten aktivitet.
- Sett bort frå verksemder utan tilsette, er det klart flest verksemder innan spesialiserte byggje- og anleggsverksemder, følgt av landtransport, oppføring av bygningar, detaljhandel, undervisning, barnehagar og helsetenester.

Lesarrettleiing

Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland

I denne rapporten vil vi innimellom samanlikne statistikk for Osterøy med tilsvarande tal for **resten av Nordhordland og Vestland som heilskap**. Dersom ikkje anna er skrive inngår følgjande kommunar i resten av Nordhordland: Modalen, Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Gulen. Det er altså *ikkje* medrekna Osterøy, då målet er å sjå skilnadar mellom kommunen og kommunane rundt. Tal for Osterøy inngår likevel i tala for Vestland som heilskap fordi det for nokre område vil vere tidkrevjande å få ut statistikk for fylket utan at Osterøy er medrekna. I denne samanhengen er uansett Osterøy ein relativt liten del av fylket, så det påverkar ikkje tala i stor grad.

Nokon statistikk er enda ikkje tilgjengeleg for den nye kommune- og fylkesstrukturen som blei innført 1.1.2020. Der dette er tilfelle har vi samanlikna Osterøy med andre nordhordlandskommunar (altså ikkje Gulen) i Hordaland, samt Hordaland fylke. Dette vil vere omtalt i teksten.

Omgrepa *sysselsette i Osterøy* og *sysselsette busette i Osterøy*

I dette kapitlet bruker vi særleg to omgrep som kan vere vanskeleg å skilje: *sysselsette i Osterøy* og *sysselsette busette i Osterøy*.

Førstnemnde, **sysselsette i Osterøy** viser til alle som *jobbar* i Osterøy, uavhengig av kor dei bur. Dette er altså summen av dei som både bur og jobbar i Osterøy (ikkje-pendlarar) og dei som jobbar i kommunen, men bur i andre kommunar (innpendlarar). Ein annan måte å seie dette på er at det er snakk om arbeidsplassar i Osterøy. Dette er likevel ikkje heilt presist fordi statistikken i dette tilfellet tek utgangspunkt i dei faktiske arbeidstakarane. Dersom der er ein arbeidsplass som det ikkje er tilsett nokon i (ein ledig jobb), vil ikkje den bli talt med i denne statistikken.

Sysselsette busette i Osterøy viser til alle som bur i Osterøy og som er i jobb, uavhengig av kor jobben er. Dette er altså summen av dei som både bur og jobbar i Osterøy (ikkje-pendlarar) og dei som bur i Osterøy, men pendlar til ein annan kommune (utpendlarar). Grunnen til at vi presiserer at dette er

sysse/setting busette er at vi berre har statistikk for dei som bur i kommunen og er sysse/setting, ikkje alle busette uavhengig av yrkesstatus.

Dei som både bur og jobbar i Osterøy, ikkje-pendlarane, er altså med i begge gruppene, så her vil vere relativt stort overlapp. Skilnadane mellom dei to gruppene, som vi skal sjå seinare i kapitlet, kan likevel vere interessante, då dei seier noko om skilnaden mellom arbeidsplassane i kommunen, og kva kompetanse dei som bur i kommunen har. Dersom dei som pendlar ut av kommunen primært jobbar innanfor andre næringar enn dei som er store i kommunen, kan det vere ein indikasjon på at kompetansen deira ikkje er etterspurt i heimkommunen. Der det er samanfall mellom store næringar i Osterøy og kompetansen til dei som pendlar ut, kan det tyde på at dei anten ikkje har fått relevant jobb i heimkommunen, at dei vurderer karrieremoglegheitene som betre i andre kommunar, eller at dei av andre grunnar ikkje kan eller vil jobbe i Osterøy.¹

Næringar og næringsgrupper

I dette kapitlet nyttar vi primært offentleg tilgjengeleg statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Dei nyttar ei næringsinndeling som heiter SN2007 (Standard for næringsgruppering, 2007), som igjen byggjer på ein internasjonal standard for gruppering av næringsinndeling.

SN2007 fordeler alle verksemder i Noreg på næringskoder som går frå det mest finmaska nivået, næringsundergruppe (5-siffernivå), med 820 forskjellige grupper til såkalla næringshovudområde, som består av 21 grupper.

Når vi snakkar om **næringar** i denne rapporten brukar vi nivå 2 i SN2007 (2-siffernivå), som består av 88 grupper. I det meste av statistikk som er offentleg tilgjengeleg på kommunenivå er dette det mest finmaska nivået som er tilgjengeleg.

Næringshovudgrupper er hakket meir finmaska og refererer til nivå 3 i SN2007 (3-siffernivå), som består av 270 grupper.


For ein del av statistikken nyttar vi også det SSB kallar **næringsgrupper**, som er ei gruppering av næringar i 17 grupper. Den består altså av færre grupper enn næringshovudområde, og følgeleg kan SSB publisere statistikk på kommunenivå kryssa med til dømes kjønn og alder. Av personvernomsyn ville dette vore vanskeleg i små kommunar med få sysse/setting i ein del næringshovudområde. Eit anna ord for næringsgrupper er **bransjar**.

For meir informasjon om næringsinndeling og kva type verksemder som ligg innanfor dei ulike kodane, sjå <https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/6/koder>.

¹ Vi har ikkje data som seier noko om motivasjonane for pendling ut frå Osterøy, men Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei spørjeundersøking blant pendlarane til og frå Alver i 2018. Dei vanlegaste årsakene til utpendling blant respondentane var mangel på relevante jobbar i heimkommunen, ønskje om å bli buande trass jobbmangel, og ei rad jobb- og plassrelaterte årsaker som ønskje om større fagmiljø, større faglege utfordringar, betre karrieremoglegheiter og liknande. Sjå AUD-rapport nr. 13-18, tilgjengeleg frå <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/vestlandsanalysar/2018/aud-rapport-nr-13-18-sporjeundersoking-om-pendling-inn-og-ut-av-alver1.pdf> [besøkt 5.3.20]. Det er ikkje usannsynleg at dei same motivasjonane gjeld blant inn- og utpendlarar i Osterøy.

Næringsstruktur

Osterøy hadde 4 025 innbyggjarar registrert som sysselsette i 2019. Dette er om lag halvparten av innbyggjarane. På same tid var det 2 825 registrerte sysselsette med arbeidsplass i kommunen, slik at ein stor del av dei busette jobba i andre kommunar (sjå delkapittel om Pendling). 2 191 menn busett i kommunen var i arbeid, medan tilsvarande for kvinner var 1 834. Blant dei som jobba i kommunen var det 1 468 menn og 1 357 kvinner. Det betyr at medan 54 % av dei som bur i Osterøy og som var i jobb var menn, utgjer menn ein lågare del av dei som jobbar i kommunen (52 %).



Figur 7: Sysselsette i Osterøy fordelt på næringsgrupper og kjønn, 2019

Figuren viser talet menn og kvinner som er registrert sysselsette i Osterøy fordelt på kva næringsgruppe dei jobbar innanfor. Statistikken er samla inn i november 2019. Sjå Lesarrettleiing innleiingsvis i kapitlet for forklaring på skilnaden mellom *næringsgrupper* og *næringer*.


Kjelde: SSB tabell 08536.

Helse- og sosialtjenester er den største næringsgruppa i Osterøy målt etter tal sysselsette. 646 personar var sysselsett i næringa i kommunen i 2019. Nest største næringsgruppe var industri med 544 sysselsette og bygg og anlegg med rett over 450.

Samstundes viser figur 7 at det er store skilnadar mellom kjønna i arbeidslivet i Osterøy. 86 % av dei sysselsette innan helse og sosial var kvinner, medan 92 % innan bygg og anlegg var menn. Industrien har noko jamnare kjønnsfordeling, men framleis er 66 % av dei sysselsette menn.

Figur 8 viser at Osterøy har om lag like stor del av dei sysselsette innan helse og sosial som andre nordhordlandskommunar og Vestland som heilskap. Osterøy har derimot langt høgare del innan industri og bygg og anlegg. Delen av dei sysselsette i Osterøy som jobbar i industrien er på 19 %, medan tilsvarande for andre nordhordlandskommunar er 15 % og for fylket som heilskap 9 %. På same vis jobbar 16 % av alle sysselsette i Osterøy innan bygg og anlegg, medan tilsvarande for både dei andre nordhordlandskommunane og fylket som heilskap er om lag 9 %.

Elles har Osterøy lågare del av sine sysselsette enn resten av Nordhordland og/eller fylket som heilskap innan næringar som varehandel, offentleg administrasjon, forretningsmessig og teknisk tenesteyting, overnattings- og serveringsverksemd, elektrisitet, vann og renovasjon, bergverksdrift og utvinning, informasjon og kommunikasjon, og finansiering og forsikring.



Figur 8: Del sysselsette i næringsgrupper i Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland, 2019


Figuren viser kor stor del av dei registrerte sysselsette som jobbar innanfor kvar næringsgruppe i høvesvis Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland som heilskap. Statistikken er samla inn i november 2019. Sjå Lesarrettleiing innleiingsvis i kapittelet for forklaring på skilnaden mellom næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 08536.

Meir detaljert næringsinndeling

Så langt har vi nytta ei relativt grov næringsinndeling som viser kva bransjar som gjer seg gjeldande i Osterøy. Det er nyttig for å skaffe seg eit overblikk over den overordna storleiken og utviklinga

innanfor dei viktigaste bransjane i kommunen. Ei meir finmaska inndeling kan likevel gi oss eit betre bilete av Osterøy si plassering i den regionale, nasjonale og globale verdikjeda.



Figur 9: Sysselsette i Osterøy fordelt på næring og kjønn, 2019

Figuren viser tal menn og kvinner som er registrert sysselsette i Osterøy fordelt på kva næring dei jobbar innanfor. Berre næringar med >10 sysselsette er inkludert. Statistikken er samla inn i november 2019. Sjå Lesarrettleiing innleiingsvis i kapittelet for forklaring på skilnaden mellom næringsgrupper og næringar.


Kjelde: SSB tabell 08536.

Figur 9 viser sysselsettinga i Osterøy etter ei næringsinndeling som består av 88 kategoriar.² Undervisning er den største næringa i kommunen med over 300 arbeidsplassar, tett etterfølgd av metallvareindustri, spesialisert byggje- og anleggsverksemd³ og pleie og omsorg i institusjon. Igjen ser vi at det er store skilnader i kjønna i dei store næringane; i dei åtte største næringane, som til saman utgjer 65 % av arbeidsplassane i kommunen, er opp mot eller meir enn tre firedelar av dei

² NACE 2-siffer, SN 2007.

³ Næringa omfattar spesialisert byggje- og anleggsverksemd, dvs. utføring av delar av bygging og anlegg eller førebuingar for det. Det dreier seg normalt om spesialisering innanfor eit område som er felles for forskjellige konstruksjonar og som krev spesiell ekspertise eller spesialutstyr, t.d. påling, fundamentering, råbygg, betongarbeid, murararbeid, brulegging, stillasarbeid, taktekking m.m.. For meir, sjå <https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/6> [besøkt 5.3.20].

sysselsette av eitt kjønn, medan under ein firedel er av det andre kjønnnet. Størst er skilnaden innan Oppføring av bygningar, kor 92 % av dei sysselsette er menn.



Figur 10: Del sysselsette i dei 20 største næringane i Osterøy samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland, 2019


Figuren viser kor stor del av dei registrerte sysselsette som jobbar innanfor kvar av dei 20 største næring, målt etter sysselsetting, i høvesvis Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland som heilskap. Statistikken er samla inn i november 2019. Sjå Lesarrettleiing innleiingsvis i kapitlet for forklaring på skilnaden mellom næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 08536.

Når vi samanliknar delen sysselsette i Osterøy innan ulike næringar med tilsvarende i resten av Nordhordland og Vestland som heilskap (figur 10), ser vi at det er spesielt innan metallvareindustrien Osterøy skil seg ut. 10 % av dei sysselsette i kommunen jobbar innan denne næringa, mot 1 % i resten av Nordhordland og Vestland. Osterøy har også ein høgare del sysselsette innan oppføring av bygningar, næringsmiddelindustrien, motorkjøretøyindustrien og landtransport, medan dei har vesentleg lågare del sysselsette i barnehagar samanlikna med resten av Nordhordland, helsetenester målt mot fylket som heilskap, og detaljhandel målt mot både resten av Nordhordland og Vestland som heilskap.

Skilnadar mellom busette sysselsette og sysselsette

Førre delkapittel tok for seg næringsstrukturen på Osterøy, målt etter sysselsetting. Dette seier noko om kva næringer som er dei største arbeidsgjevarane i kommunen. Samstundes er det som nemnt også mange som pendlar ut av kommunen, så dersom vi samanliknar næringsamansettinga mellom dei som bur og dei som jobbar i kommunen vil det gi eit bilete av kva kompetanse som sendast ut av kommunen (sjå Lesarrettleiing på side 16). På sikt kan det vere mogleg å etablere næringsverksemd innanfor dei bransjane som dominerer blant utpendlarane med mål om at desse heller vil jobbe i heimkommunen. Samstundes er det også viktig å ha med seg at det er ein god del overlapp mellom dei to gruppene: alle som *både* bur og jobbar i Osterøy, 2 268 personar i 2018, er med i begge gruppene. I den offentleg tilgjengelege statistikken over sysselsette etter næring er det ikkje mogleg å isolere berre dei som pendlar inn eller ut, så dette vil berre vere eit estimat.




Figur 11: Busette sysselsette og sysselsette i Osterøy fordelt på næringsgrupper, 2019

Figuren viser talet registrerte sysselsette som jobbar innanfor kvar næringsgruppe for to grupper: dei som jobbar i Osterøy og dei som bur i Osterøy, uavhengig av om dei jobbar i heimkommunen eller i ein annan kommune. Statistikken er samla inn i november 2019. Sjå Lesarrettleiing innleiingsvis i kapitlet for forklaring på skilnaden mellom dei to gruppene, samt næringsgrupper og næringer.

Kjelde: SSB tabell 08536

Figur 11 viser at det ikkje er veldig store skilnadar i kva bransjar dei som bur i Osterøy jobbar innanfor (*sysselette busette*) og tilsvarande for dei som jobbar i kommunen (*sysselette*). Den største bransjen for begge grupper er helse og sosial, følgt av industri og bygg og anlegg. Det er først innan varehandel det blir tydelege skilnadar. Medan 210 sysselette i Osterøy jobbar innan denne bransjen, er det 427 personar busett i kommunen innanfor same bransje. Dette tyder på at over halvparten jobbar i andre kommunar. Det same finn vi igjen i ei rekkje bransjar som i relativt liten grad er representert i Osterøy: forretningsmessig, teknisk og personleg tenesteyting, bergverksdrift og utvinning, overnattings- og serveringsverksemd, elektrisitet, vann og renovasjon, finansiering og forsikring, informasjon og kommunikasjon, samt bergverksdrift og utvinning. Ein del av desse er bransjar som typisk er størst i region- og fylkessenter.




Figur 12: Del sysselette busette og sysselette i Osterøy fordelt på næringsgrupper, 2019

Figuren viser delen av registrerte sysselette som jobbar innanfor kvar næringsgruppe for to grupper: dei som jobbar i Osterøy og dei som bur i Osterøy, uavhengig av om dei jobbar i heimkommunen eller ein annan kommune. Statistikken er samla inn i november 2019. Sjå Lesarretteleing innleiingsvis i kapitlet for forklaring på skilnaden mellom dei to gruppene, samt næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 08536

Figur 12 viser kor stor del av kvar gruppe som jobbar innan kvar næringsgruppe. Gjennom å sjå på delar heller enn tal er det lettare å samanlikna dei to gruppene. Det som blir tydeleg her er at dei som jobbar i Osterøy i større grad jobbar innan helse og sosial og industri enn dei som bur i kommunen gjer. På den andre sida jobbar 11 % av dei både bur og jobbar i kommunen innan varehandel, mot 8 % av dei som jobbar i kommunen. Elles er skilnadane som vist i førre avsnitt.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse



Figur 13: Skilnad mellom sysselsette og sysselsette busette i Osterøy etter næring, 2019

Figuren viser skilnaden i talet registrerte sysselsette som jobbar innanfor kvar næring for to grupper: dei som jobbar i Osterøy og dei som bur i Osterøy, uavhengig av om dei jobbar i heimkommunen eller ein annan kommune. Statistikken er samla inn i november 2019. Berre næringar med differanse mellom sysselsette og sysselsette busette >10 er inkludert. Raude søyler indikerer at det er fleire sysselsette i næringa i Osterøy enn det er sysselsette busette i kommunen som jobbar innanfor næringa (dvs. at det er netto innpendling til næringa i kommunen), medan lilla søyler viser det motsette (dvs. netto utpendling). Sjå Lesarretteleing på side 16 for forklaring på skilnaden mellom dei to gruppene, samt næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 08536

Dersom vi nyttar ein meir finmaska næringsinndeling, slik som i figur 13, ser vi at dei einaste næringane der det jobbar vesentleg fleire i Osterøy enn det er sysselsette busette, er metallvareindustrien og motorkjøretøyindustrien. Dette betyr altså at det må vere innpendling til desse næringane.

Motsett ser vi at det er 100 fleire sysselsette busette som jobbar innan spesialiserte byggje- og anleggsverksemdar enn det er arbeidsplassar innanfor næringa i Osterøy, som betyr at minst så

mange pendlar ut. Andre næringar kor talet busette sysselsette er vesentleg høgare (>50) enn talet arbeidsplassar i kommunen er detaljhandel, helsetenester, agentur- og engroshandel, tenester til bergverk og utvinning, samt offentleg administrasjon.

Regionale fortrinn

Det er vanskeleg å identifisere regionale fortrinn berre basert på statistikk. Lokal kjennskap til næringslivet, befolkninga og konteksten desse opererer i, vere seg regionalt, nasjonalt eller internasjonalt, er naudsynt for å seie noko konkret om kva ein gjer lokalt som er betre, billigare eller meir innovativt enn andre stader. Likevel, statistikk kan gi eit overordna bilete av korleis strukturane ser ut i dag og korleis dei har utvikla seg historisk. Vi vil i dette delkapitelet først sjå på næringsgrupper (sysselsette fordelt på 17 grupper), deretter næringar (88 grupper) og til sist næringshovudgrupper (270 grupper). Sjå Lesarrettleiing på side 16 for meir informasjon.

Ein måte å få eit slikt overordna bilete nyttar ein metodikk som søker å seie noko om kva ein gjer *meir* av i ein region enn i andre regionar. Tanken er at dersom ei næring i større grad er til stades ein plass enn andre plassar, så er det noko som gir, eller i alle fall tidlegare har gitt, denne plassen eit regionalt fortrinn innanfor denne næringa. For å forstå kva fortrinnet består i, om det til dømes er ein høgt utdanna arbeidsstyrke, tilgang på billig elektrisitet, nærleik til havet eller liknande, trengst den lokale kunnskapen.

Vi vel her å nytte eit mål på regionale fortrinn som er nytta i andre, liknande analysar⁴ som tek utgangspunkt i kor stor del av dei sysselsette i ein region som jobbar innanfor kvar næring og så samanliknar det med kor stor del som jobbar innanfor same næring på landsbasis. Dersom delen innanfor ei næring er minst 25 % høgare i regionen på landsbasis, tyder det at regionen har eit regionalt fortrinn innanfor den næringa.

Som tabell 1 på neste side viser har Osterøy eit fortrinn innan næringsgruppene jordbruk, skogbruk og fiske, industri, bygg- og anlegg, transport og lagring, samt undervisning. Sistnemnde er kanskje ikkje vidare relevant i denne samanhengen, då dette primært er offentlege arbeidsplassar som blir styrt av elevmasse, skulestruktur og liknande. Samstundes har Osterøy ein høgare del 0-14-åringar enn resten av fylket og landet, noko som også kan vere eit fortrinn. Vi ser også at resten av Nordhordland har fortrinn innan tre av dei same næringane, medan fylket som heilskap ikkje har det. Det tyder på at Nordhordland er i ei særstilling innanfor desse næringane, og at kommunane i regionen er tent på å sjå til kvarandre for å behalde og styrke regionen sin posisjon.

⁴ Se t.d. rapport nr. 18-2019 «Næringsstruktur i Hordaland og Sogn og Fjordane» av Samfunnsøkonomisk analyse på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune og utkast til rapporten «Verdikjeder i Norge», skrevet av Samfunnsøkonomisk analyse på oppdrag for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Upublisert.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse

Tabell 1: Del sysselsette innan næringsgrupper i Osterøy, resten av Nordhordland, Vestland og Noreg

	Osterøy	Resten av Nordhordland	Vestland	Nasjonalt
Jordbruk, skogbruk og fiske	3,8 %	4,5 %	2,5 %	2,2 %
Bergverksdrift og utvinning	0,1 %	2,5 %	2,8 %	2,2 %
Industri	19,3 %	15,0 %	9,0 %	7,8 %
Elektrisitet, vann og renovasjon	0,3 %	2,5 %	1,4 %	1,2 %
Bygge- og anleggsvirksomhet	16,0 %	9,1 %	8,9 %	8,5 %
Varehandel, motorvognreparasjoner	7,4 %	8,4 %	11,4 %	12,9 %
Transport og lagring	8,6 %	7,8 %	5,5 %	5,0 %
Overnattings- og serveringsvirksomhet	0,7 %	1,6 %	3,4 %	3,6 %
Informasjon og kommunikasjon	0,1 %	0,9 %	2,3 %	3,7 %
Finansiering og forsikring	0,1 %	0,2 %	1,9 %	1,7 %
Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	2,0 %	3,0 %	6,0 %	6,4 %
Forretningsmessig tjenesteyting	1,7 %	3,1 %	4,4 %	5,0 %
Offentlig administrasjon, forsvar, sosialforsikring	3,8 %	4,4 %	5,7 %	6,3 %
Undervisning	10,8 %	10,4 %	8,9 %	8,3 %
Helse- og sosialtjenester	22,9 %	23,3 %	21,9 %	20,7 %
Personlig tjenesteyting	1,7 %	3,0 %	3,7 %	4,0 %

Tabellen viser del sysselsette innanfor kvar næringsgruppe i Osterøy, resten av Nordhordland, Vestland og Noreg som heilskap. Næringsgrupper kor ein region har eit regionalt fortrinn (25 % høgare del sysselsette samanlikna med landet som heilskap) er merka med gult. Sjå Lesarretteleiing på side 16 for forklaring på skilnaden mellom næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 08536

Vi kan også gå djupare inn i dette med å nytte ei finare næringsinndeling.

I tabell 2 på neste side har vi berre inkludert dei næringane der Osterøy har eit fortrinn, sidan lista med 88 næringar blir for lang. Dei aller fleste av desse er *ikkje* regionale fortrinn for resten av Nordhordland eller Vestland. Det tyder på at Osterøy er spesialisert innanfor enkelte næringar som truleg til dels fungerer i symbiose med nært slekta næringar elles i regionen, men kor Osterøy regionalt har «einerett» på akkurat sin nisje. Dette er ein fordel så lenge det er behov for det Osterøy leverer, men samtidig sårbar dersom behovet fell bort eller blir utkonkurrert av andre regionar nasjonalt eller internasjonalt. Nokre av desse er også svært små på landsbasis, slik at sjølv med relativt få sysselsette innanfor næringa i Osterøy dukkar dei opp som regionale fortrinn. Dette gjeld spesielt kleideindustrien, lær- og lærvareindustri, møbelindustrien og lønt arbeid i private hushald, som hadde høvesvis 12, 3, 15 og 3 sysselsette i Osterøy i 2019.

66 % av dei sysselsette i Osterøy jobbar innanfor ei av dei 15 næringane kor kommunen har regionale fortrinn. Ytterlegare 18 % jobbar innan næringar i offentleg sektor, slik at delen av dei sysselsette som jobbar i det private næringslivet i næringar kor kommunen *ikkje* har fortrinn er relativt låg. Delen av sysselsette som jobbar innanfor dei næringane der resten av Nordhordland har eit regionalt fortrinn er

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse

ein god del lågare, 43 %. Tilsvarande for Vestland som heilskap er 10 %. Det betyr at Osterøy har ein relativt høg konsentrasjon av sine arbeidsplassar innanfor næringar kor kommunen har eit fortrinn.

Ser vi dei to tabellane i samanheng, har Osterøy fortrinn hovudsakleg i næringar som også høyrer til dei næringsgruppene dei har fortrinn i. Det er sjølvsagt ikkje unaturleg sidan kvar næringsgruppe består av ei rad næringar, og at når Osterøy har regionale fortrinn innanfor fleire næringar i same næringsgruppe, får dei også eit fortrinn når vi aggregerar.

Vi har tilsvarande tal for alle dei 88 næringane, som kan fås ved å kontakte fylkeskommunen. Nokre næringar er relativt store i Osterøy, men fordi dei også er store på landsbasis har ikkje Osterøy ein høvesmessig stor del av si sysselsetting innanfor desse. Det gjeld primært næringar knytt til offentleg sektor.

Tabell 2: Del sysselsette innan næringar kor Osterøy har eit fortrinn, samt tal for resten av Nordhordland, Vestland og Noreg

Næringsgruppe	Næring	Osterøy	Rest. av Nordhord.	Vestland	Nasjonalt
Jordbruk, skogbruk og fiske	Jordbruk, tilknytta tenester, jakt	1,9 %	2,8 %	1,2 %	1,3 %
	Fiske, fangst og akvakultur	1,9 %	1,5 %	1,2 %	0,7 %
Industri	Næringsmiddelindustri	4,6 %	1,0 %	1,5 %	1,6 %
	Kleideindustri	0,4 %	0,0 %	0,1 %	0,1 %
	Lær- og lærvareindustri	0,1 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
	Metallvareindustri	10,2 %	0,9 %	0,8 %	0,8 %
	Motorkjøretøyindustri	2,5 %	0,0 %	0,1 %	0,1 %
	Møbelindustri	0,5 %	0,1 %	0,1 %	0,2 %
Bygge- og anleggsvirksomhet	Oppføring av bygningar	6,3 %	2,4 %	3,0 %	2,7 %
	Spes. byggje- og anleggsverksemd	9,2 %	6,1 %	5,1 %	4,9 %
Transport og lagring	Landtransport og rørtransport	6,1 %	2,9 %	2,4 %	2,4 %
	Sjøfart	2,5 %	1,6 %	1,4 %	0,7 %
Undervisning	Undervisning	10,8 %	10,4 %	8,9 %	8,3 %
Helse- og sosialtjenester	Pleie og omsorg i institusjon	8,9 %	7,2 %	6,0 %	5,5 %
Personlig tjenesteyting	Lønt arbeid i private hushald	0,1 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Tabellen viser del sysselsette i næringar kor Osterøy har eit fortrinn, og tilsvarande tal for resten av Nordhordland, Vestland og Noreg som heilskap. I næringar kor ein region har eit regionalt fortrinn (25 % høgare del sysselsette samanlikna med landet som heilskap) er delen sysselsette merka med gult, medan næringsgrupper og næringar kor Osterøy har eit fortrinn er merka med lilla bakgrunn. Sjå Lesarrettleiing innleiingsvis i kapittelet for forklaring på skilnaden mellom næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 08536

SSB publiserer også statistikk med ei enda meir finmaska næringsinndeling, såkalla næringshovudgrupper (3-siffernivå). Den består av 270 kategoriar, men i relativt små kommunar vil det av personvernomsyn vere ganske mange kategoriar kor vi ikkje får tal.⁵ I tabell 3 på neste side har vi berre tatt med næringshovudgrupper kor det er minst 10 sysselsette i Osterøy i 2019.

Når vi brukar ei såpass finmaska inndeling vil det gjerne berre vere ei eller nokre få verksemdar i Osterøy innanfor kvar næringshovudgruppe, og i grupper som er relativt små nasjonalt skal det ikkje mykje til for at sysselsettingsdelen i Osterøy er minst 25 % høgare enn i landet som heilskap. Dette gjer at ein får opp ein del grupper som kanskje ikkje er spesielt viktige verken nasjonalt eller i kommunen. På den andre sida kan det vere ein indikasjon på at Osterøy her har å gjere med ei eller nokre få verksemdar kor kommunen faktisk sitt i førarsete både nasjonalt og internasjonalt. Her trengs lokal kjennskap til næringslivet i Osterøy for å vurdere dette nærast på verksemdnivå.

Elles så ser vi at bilete i tabell 3 er mykje av det same som i tabell 2: dei aller fleste av dei næringshovudgruppene kor Osterøy har eit fortrinn er *ikkje* regionale fortrinn for resten av Nordhordland eller Vestland. Det tyder på at Osterøy er spesialiserte innanfor enkelte næringshovudgrupper som truleg til dels fungerer i symbiose med nært slekta næringar elles i regionen, men kor Osterøy regionalt har «einerett» på akkurat sin nisje. Dette er ein fordel så lenge det er behov for det Osterøy leverer, men samtidig sårbart dersom behovet fell bort, eller blir utkonkurrert av andre regionar nasjonalt eller internasjonalt.

⁵ Der kor det er éin eller to sysselsette i ei næringshovudgruppe blir talet endra til 0 eller 3 for å ivareta personvernet. Vidare blir det også tatt grep for at ein ikkje skal kunne rekne seg tilbake til den faktiske verdien ved hjelp av delsummar og liknande.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse

Tabell 3. Del sysselsette innan næringshovudgrupper kor Osterøy har eit fortrinn, samt tal for resten av Nordhordland, Vestland og Noreg


Næringsgruppe	Næring	Næringshovud-gruppe	Osterøy	Rest. av Nordhord	Vestland	Noreg
Jordbruk, skogbruk og fiske	Jordbruk, tilknytt tenester, jakt	Dyrking av eittårige vekstar	0 %	0 %	0 %	0 %
		Husdyrhald	1 %	2 %	1 %	1 %
	Fiske, fangst og akvakultur	Akvakultur	2 %	1 %	1 %	0 %
Industri	Næringsmiddel-industri	Fisk- og fiskevareopplaging	4 %	1 %	0 %	0 %
		Prod. av bakeri- og pastavarer	1 %	0 %	0 %	0 %
	Metallvareindustri	Overflatebeh./tilarb. av metall	4 %	0 %	0 %	0 %
		Produksjon reiskap, andre jernvarer	4 %	0 %	0 %	0 %
		Produksjon av andre metallvarer	2 %	0 %	0 %	0 %
	Maskinindustri	Jord- og skogbruksmaskinproduksjon	1 %	0 %	0 %	0 %
	Motorkjøretøy-industri	Karosseri- og tilhengjærproduksjon	3 %	0 %	0 %	0 %
	Møbelindustri	Produksjon av møblar	1 %	0 %	0 %	0 %
Bygge- og anleggsvirksomhet	Oppføring av bygningar	Oppføring av bygningar	6 %	2 %	3 %	2 %
	Spes. byggje- og anleggsverksemd	Riving og grunnarbeid	5 %	2 %	1 %	1 %
		Anna spes. byggje- og anleggsverks.	3 %	1 %	1 %	1 %
Varehandel, motorvognreparasjoner	Handel, reparasjon av motorvogner	Rep. av motorvogner/unnt. motorsyk.	1 %	1 %	1 %	1 %
Transport og lagring	Landtransport og rørtransport	Annan landtransp. med passasjerar	2 %	2 %	1 %	1 %
		Godstransp. på veg/flyttetransport	4 %	1 %	1 %	1 %
	Sjøfart	Sjøfart og kysttraf. m/passasjerar	2 %	1 %	1 %	0 %
		Sjøfart og kysttrafikk med gods	1 %	1 %	1 %	0 %
Forretningsmessig tjenesteyting	Tenester i tilknytning til eigedomsdrift	Komb. ten. tilkn. eigedomsdrift	1 %	1 %	1 %	1 %
Undervisning	Undervisning	Grunnskole-undervisning	8 %	8 %	4 %	4 %
		Anna undervisning	1 %	1 %	1 %	1 %
Helse- og sosialtjenester	Helsetenester	Andre helsetenester	4 %	3 %	3 %	3 %
	Pleie og omsorg i institusjon	Pleie-/omsorgsten. i institusjon	4 %	4 %	3 %	3 %
		Inst./buf.skap psyk.utv.hem. m.m.	2 %	2 %	1 %	1 %
		Inst./bufelleskap eldre/funksj.hem.	3 %	1 %	1 %	1 %
	Omsorg utan butilbod, barnehager	Andre sosialten. utan butilbod	8 %	8 %	5 %	6 %

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse

Tabellen viser del sysselsette i næringshovudgrupper kor Osterøy har eit fortrinn, og tilsvarende tal for resten av Nordhordland, Vestland og Noreg som heilskap. I næringshovudgrupper kor ein region har eit regionalt fortrinn (25 % høgare del sysselsette samanlikna med landet som heilskap) er delen sysselsette merka med gult, medan næringsgrupper og næringar kor Osterøy har eit fortrinn er merka med lilla bakgrunn. Sjå Lesarretteiing på side 16 for forklaring på skilnaden mellom næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 11687

Verdiskaping og produktivitet



Figur 14: Årsverk og bruttoprodukt fordelt etter næringar i Osterøy, 2016

Figuren viser estimert tal årsverk og bruttoprodukt for alle næringar med minst 10 estimerte årsverk i Osterøy i 2016. Data er henta frå modellsystemet PANDA, som nyttar ei litt anna næringsinndeling enn SSB.

Kjelde: Fylkesfordelt nasjonalregnskap (FNR), brutt ned av SINTEF på vegne av Panda analyse

Bruttoproduktet kan brukast som mål på verdiskaping i kommunen. Vi ser at bruttoproduktet er høgast innan kommunal tenesteyting, bygg- og anleggsverksemd, samt fiskeforedling og akvakultur. For dei to førstnemnde er det tilsynelatande tett samanheng mellom tal årsverk og bruttoproduktet, medan dei to siste har langt høgare del av bruttoproduktet i Osterøy enn talet årsverk skulle tilseie. Det tyder på at dette er næringar med høg produktivitet og lågare arbeidskraftsintensitet.


Målt mot resten av Nordhordland og Vestland som heilskap har Osterøy ein høgare del av sitt bruttoprodukt frå akvakultur, fiskeforedling, produksjon av metallvarer, bygg og anlegg og kommunal tenesteyting. På motsett vis har resten av Nordhordland ein langt høgare del av sitt bruttoprodukt frå oljeraffinering (Mongstad), medan fylket som heilskap har ein større del av sitt bruttoprodukt frå oljeraffinering, omsetning og drift av fast eigedom, og statleg tenesteyting.

Om vi ser på del årsverk innan kvar næring har Osterøy høgare del av sine årsverk innan fiskeforedling, produksjon av metallvarer, bygg og anlegg og land- og lufttransport, samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland som heilskap. I tillegg har dei ein langt høgare del årsverk innan kommunal tenesteyting, enn fylket som heilskap.

Arbeidsplassutvikling

Sidan 2015 har det blitt skapt 86 nye arbeidsplassar i Osterøy. Det er ein auke på 3,2 %. Det er høgare enn snittet for Vestland som heilskap og 17. høgast blant kommunane i fylket. Alver og Austrheim er dei einaste nordhordlandskommunane med høgare vekst.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse



Figur 15: Indeksert utvikling i sysselsette i Osterøy i dei ti største næringsgruppene. 2015-2019 (2015=100)

Figuren viser den relative utviklinga i sysselsette i dei ti største næringsgruppene i Osterøy sidan 2015. Grunna relativt få arbeidsplassar i nokre næringar får desse ganske store utslag år for år. Sjå Lesarrettleiing innleiingsvis i kapittelet for forklaring på skilnaden mellom næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 08536

Frå 2015 til 2019 auka talet sysselsette i Osterøy med 140 sysselsette (5 %).⁶ Teknisk tenesteyting⁷ har hatt størst bortfall av sysselsette med ein nedgang på 20 %. Industrien har hatt den største nedgangen i faktiske tal, med eit bortfall av 47 sysselsette (-8 %). Personleg tenesteyting⁸ har også falt 8 %. Bortsett frå desse tre har dei andre sju næringane i figur 15 alle hatt vekst. Bygg og anlegg og undervisning har begge vakse mest (16 %), medan talet sysselsette innan varehandel⁹, har fått 15 % fleire sysselsette i Osterøy dei siste seks åra.


⁶ Grunna overgangen til A-ordninga er ikkje tal før og etter 2015 samanliknbare. Sjå <https://www.ssb.no/omssb/om-oss/nyheter-om-ssb/a-ordningen-en-datakilde-for-tre-etater> for meir informasjon.

⁷ Eigedomsmsetnad og -drift, juridisk og rekneskapstenester, hovudkontortjenester m.m.

⁸ Bibliotek, vaskeri, frisørar, gravferdsbyrå, ein del reparasjonsverksemd av hushaldsvarer, m.m.

⁹ Varehandel er ei næringsgruppe kor vi har indikasjonar på at det er mange utpendlarar (sjå Figur 11 i delkapittel Skilnadar mellom busette sysselsette og sysselsette),

Bedriftssamansetting



Figur 16: Utvikling i tal verksemder med tilsette i Osterøy etter tal tilsette, 2013-2020

Figuren viser utviklinga i tal verksemder med tilsette i Osterøy etter kor mange tilsette dei har.

Kjelde: SSB tabell 07091.


Ved inngangen til 2020 var det 764 registrerte verksemder i Osterøy. Om lag to tredel av desse hadde ingen registrerte tilsette og følgeleg er det usikkert om dei ikkje lenger er aktive eller enkeltmannsføretak med liten aktivitet.

Figur 16 viser at populasjonen av verksemder med tilsette i Osterøy er relativt stabil over tid. Det same gjeld også for verksemder utan tilsette, kor det er større svingingar år for år, men auken over tid er relativt beskjeden.

Frå 2013 til 2020 blei det 59 fleire verksemder i Osterøy, ein auke på 8,4 %. Nesten halvparten av desse var verksemder utan tilsette og nesten like mange nye med 1-4 tilsette. Det var derimot ein nedgang i verksemder med 5-9 tilsette, men aukinga i verksemder med 10-19 tilsette er om lag like stor, så det kan rett og slett vere at ein del mindre verksemder har vakse og gått frå den eine gruppa til det andre.

På same tid har talet verksemder i både resten av Nordhordland og Vestland som heilskap vakse med 14 %, men i begge er faktisk veksten i verksemder utan tilsette like stor eller større enn veksten i verksemder totalt. Det betyr at Osterøy har høgare vekst i tal verksemder *med* tilsette enn resten av Nordhordland og Vestland som heilskap.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse




Figur 17: Tal verksemdar innan dei 20 næringane med flest verksemdar etter tal tilsette, 2020

Figuren viser tal verksemdar innanfor dei 20 næringane med flest verksemdar fordelt på kor mange tilsette dei har. Sjå Lesarretteiing innleiingsvis i kapittelet for forklaring på skilnaden mellom næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 07091.

Figur 17 viser at det er klart flest verksemdar innan jordbruk og at dei aller fleste ikkje har tilsette. Dette er naturleg, da kvart gardsbruk gjerne er registrert som ei verksemd og at dei ikkje har tilsette, berre eigaren sjølv som jobbar der. Dernest kjem spesialisert byggje- og anleggsverksemd med 77 verksemdar, kor 40 er utan tilsette. I same næring finn du også 5 verksemdar med 20-49 tilsette, så det er stor variasjon. Vidare finn vi omsetnad og drift av fast eigedom, oppføring av bygningar, landtransport og detaljhandel. Alle desse har relativt mange verksemdar utan tilsette, som truleg skuldast at enkeltpersonar registrerer verksemd kor berre dei sjølve jobbar.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse



Figur 18: Tal verksemdar med tilsette innan dei 20 største næringane i Osterøy etter tal tilsette, 2020

Figuren viser tal verksemdar med tilsette innanfor dei 20 næringane med flest verksemdar fordelt på kor mange tilsette dei har. Sjå Lesarrettledning innleiingsvis i kapitlet for forklaring på skilnaden mellom næringsgrupper og næringar.

Kjelde: SSB tabell 07091


Om vi held verksemdar utan tilsette unna, ser vi at det er klart flest verksemdar innan spesialiserte bygge- og anleggsverksemdar, følgt av landtransport, oppføring av bygningar, detaljhandel, undervisning, barnehagar og helsetenester.

3. Arbeidsmarknaden i Osterøy

Nøkkelfunn frå kapittelet

- Om lag 2 av 3 innbyggjarar i alderen 15-74 år i Osterøy er sysselsett. Menn er i større grad sysselsett enn kvinner, 71,5 % mot 64,5 %.
- Blant 25-39-åringar og 40-54-åringar er over 80 % sysselsette.
- Osterøy har høgare sysselsettingsgrad enn både fylket som heilskap og landet.
- Kommunen har også lågare arbeidsløyse enn fylket som heilskap og landet.
- Det er totalt 2 268 personar som både bur og jobbar i kommunen, medan 1 775 pendlar ut. Det gir en pendlingsdel på 44 %, noko som er tiande høgaste i fylket
- 74 % av all pendlingsaktivitet frå og til Osterøy gjekk til og frå Bergen. Det er også vesentleg pendlingsaktivitet med nabokommunane Alver og Vaksdal, samt Rogaland og Oslo.
- 15 % av lønstakarane i Osterøy jobbar innan handverksyrke og 16 % som prosess- og maskinoperatørar. Samanlikna med fylket er det spesielt handverksyrke og prosess- og maskinoperatørar kommunen skil seg ut på.
- 643 av dei sysselsette i Osterøy, nesten ein firedel, er 55 år eller eldre. Det er naturleg å rekne med at ein god del av desse vil gå ut av arbeidslivet over dei neste ti åra.
- Tre næringar står for meir enn halvparten av sysselsette 55 år eller eldre i Osterøy: helse og sosial, industri og transport og lagring. Dette er også blant dei største næringane i Osterøy.

Sysselesettingsgrad



Figur 19: Del sysselsette i befolkninga 15-74 år i Osterøy etter kjønn og alder, 2019

Figuren viser kor stor del av befolkninga i kvar aldersgruppe i Osterøy som er sysselsett fordelt på kjønn. Heiltrukke linje vis delen samla for alle aldersgrupper 15-74 år.


Kjelde: SSB tabell 06445

Figur 19 viser at 68,2 % av befolkninga 15-74 år i Osterøy er sysselsett. Menn er i større grad sysselsett enn kvinner, 71,5 % mot 64,5 %. Blant 25-39-åringar og 40-54-åringar er over 80 % sysselsette.

Som figur 20 viser var delen av befolkninga i arbeid høgare i Osterøy enn snittet for Hordaland i 2019. Blant nordhordlandskommunane var det berre Masfjorden og Meland som hadde høgare sysselsettingsdel. Osterøy med sine 68,2 % i arbeid var også godt over snittet for landet som heilskap på 67,1 %.

Delen sysselsette menn var niande høgast i Hordaland og med 71,5 %, som er godt over snittet for fylket (69,9 %) og for landet (69,5 %). Delen sysselsette kvinner på 64,5 % var derimot på delt 18. plass i fylket i 2019, likt med landssnittet og lågare en fylkessnittet på 65,8 %.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse




Figur 20: Del sysselsette i befolkninga 15-74 år, 2019

Figuren viser kor stor del av befolkninga i alderen 15-74 år i kommunane i Hordaland, fylket og landet som heilskap som var sysselsett i 2019.

Kjelde: SSB tabell 06445

Arbeidslause



Figur 21: Del registrerte arbeidsledige i arbeidsstyrken, fjerde kvartal 2019

Figuren viser kor stor del av arbeidsstyrken (sysselsatte + arbeidsledige) som var registrert arbeidsledige i kommunane i Hordaland, samt fylket og landet som heilskap i fjerde kvartal 2019.

Kjelde: SSB tabell 10594

Osterøy hadde 71 registrert arbeidsledige i november 2019. Dette er det lågaste talet sidan november 2017. Det var 32 arbeidsledige kvinner og 39 arbeidsledige menn i 2019, og sjølv om begge kjønn opplevde nedgang frå 2018 til 2019 var nedgangen klart størst blant menn, frå 52 til 39. Dette skuldast at det var menn som blei hardest ramma av oljekrisa i 2015, då talet registrerte arbeidsledige menn dobla seg frå 2014 til 2015.¹⁰ SSB har også tal registrerte arbeidsledige for to aldersgrupper: 15-29 år


¹⁰ Merk at NAV endra reglar og rutinar i 2018 på ein måte som gir et brot i tidsserien, slik at tala ikkje er direkte samanliknbare. Ein må derfor ikkje legge for mykje vekt på utviklinga over tid. Sjå <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/brudd-i-tallene-pa-registrerte-ledige-2020> [besøkt 3.3.2020].

og 30-74 år. I november 2019 var 26 15-29-åringar og 45 30-74-åringar arbeidsledige i kommunen. Det betyr at 37 % av dei arbeidsledige i kommunen er unge, noko som er femte høgste delen unge arbeidsledige i Hordaland.

For å få samanliknbare tal med andre kommunar og regionar må vi heller sjå på delen arbeidsledige av arbeidsstyrken (sysselsette + arbeidsledige). Den var på 1,7 % for både menn og kvinner i Osterøy i november 2019; ned frå 2 % for kvinner og 2,2 % for menn i 2018. Som figur 21 viser hadde Osterøy 16. lågaste delen arbeidslaus av arbeidsstyrken i Hordaland, godt under snittet for fylket og for landet som heilskap på 2,1 %. Arbeidsløysa blant kvinner i Osterøy er 17. lågast i Hordaland, under snittet for fylket og for landet som heilskap på 1,9 %. Blant menn er arbeidsløysa i Osterøy 14. lågast i fylket, godt under snittet for fylket og for landet som heilskap på 2,3 %.

Delen av høvesvis 15-29-åringar og 30-74-åringar i arbeidsstyrken i Osterøy som var arbeidsledige var 2,4 % og 1,4 %. Kommunen har niande høgste del unge arbeidsledige i arbeidsstyrken i fylket, medan delen av 30-74-åringar i arbeidsstyrken som er arbeidsledig er tiande lågast. Delen unge arbeidsledige er lik fylkessnittet og litt lågare enn landssnittet på 2,5 %, medan delen arbeidsledige i resten av arbeidsstyrken er betydeleg lågare enn fylkes- og landssnittet som begge er 2 %.

Deltid og fulltid



Figur 22: Avtalt stillingsprosent for lønnstakarar i Osterøy etter kjønn, 2019

Figuren viser avtalt stillingsprosent for lønnstakarar i Osterøy fordelt på kjønn i 2019.

Kjelde: SSB tabell 12540

I 2019 jobba 69 % av alle lønnstakarar¹¹ i Osterøy fulltid. Her er det stor skilnad mellom kjønna; medan 84 % av menn jobbar fulltid, gjeld dette berre 55 % av kvinnene.

Osterøy har ein lågare del fulltidsarbeidarar enn både fylket (70 %) og landet som heilskap (72 %). Fulltidsdelen blant kvinner er også lågare enn tilsvarande både for fylket (58 %) og landet (60 %). Delen menn som jobbar fulltid er derimot høgare enn for fylket (82 %) og landet som heilskap (83 %).

I Vestland fylke er det åtte kommunar som har høgare del fulltidsarbeidande enn Osterøy i 2019, og ingen av desse ligg i Nordhordland. Ni vestlandskommunar har høgare del fulltidsarbeidande menn, inkludert Gulen og Austrheim, medan det berre er sju kommunar som har fleire fulltidsarbeidande kvinner, ingen av desse i Nordhordland. Grunnen til at Osterøy ligg under snittet for fylket i fulltidsdel blant kvinner, samstundes som det er såpass få kommunar med høgare del, er at fulltidsdelen i Bergen er mykje høgare enn elles i fylket med 63 %¹². Dermed blir snittet for fylket dratt kraftig opp. Det same er nok tilfellet også for landssnittet, kor Oslo, Bergen og andre store byar trekk opp snittet.

Pendling

Som nemnt i byrjinga av dette kapittelet var det 4 046 personar busett i Osterøy som var sysselsette i 2018. Samstundes var det berre 2 771 personar som var sysselsett i Osterøy. Dette tydar på vesentleg utpendling frå kommunen.

Det er også er ein del innpendling til Osterøy, slik at det totalt er 2 268 personar som både bur og jobbar i kommunen, medan 1 775 pendlar ut. Det gir en pendlingsdel på 44 %, noko som er tiande høgaste i fylket. Kommunen er likevel ein av kommunane i bergensområdet med lågast utpendling. 504 personar pendla til Osterøy frå andre kommunar, og innpendlarar utgjør 18 % av dei som jobbar i kommunen.

62 % av utpendlarane frå Osterøy er menn. Samstundes utgjør menn 55 % av dei sysselsette som bur i kommunen, slik at menn i større grad enn kvinner pendlar ut av kommunen. Kjønnsskilnaden er om lag lik for dei som pendlar inn til kommunen.


Figur 22 viser at den klart største pendlingsstraumen går sørover til og frå Bergen. I 2018 pendla 1 365 personar frå Osterøy til fylkeshovudstaden. Det er 34 % av alle sysselsette som bur på Osterøy. På same tid kom 320 motsett veg. 74 % av all pendlingsaktivitet frå og til Osterøy gjekk til og frå Bergen.

Det er også vesentleg pendlingsaktivitet med nabokommunane Alver og Vaksdal, samt Rogaland og Oslo.

¹¹ Lønnstakarar skil seg frå sysselsette ved at sjølvstendig næringsdrivande ikkje er inkludert i førstnemnde.

¹² Årdal er einaste kommunen som ligg høgare med 65 %.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse




Figur 23: Pendlingsdiagram for Osterøy, 2018

Figuren viser kor stor inn- og utpendling det var mellom Osterøy og andre kommunar i 2018. «Til» viser talet som pendla frå Osterøy til den aktuelle kommunen og regionen, medan «Frå» viser kor mange som pendla frå den aktuelle kommunen til Osterøy.

Kjelde: SSB tabell 03321

Lønnstakarar busett i Osterøy etter yrke



Figur 24: Del lønnstakarar etter bustad og yrkesgruppe i Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland, 2019

Figuren viser kor stor del av lønnstakarane busett i høvesvis Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland som heilskap som jobbar innanfor ulike yrkesgrupper. Yrkesgrupper er ei inndeling gjort av SSB og som følgjer ein internasjonal standard. Sjå

<https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/7> for meir informasjon.

Kjelde: SSB tabell 11619

Figur 24 viser korleis lønnstakarane¹³ busett i Osterøy fordel seg på yrkesgrupper, samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland. Sjølv om Sal- og serviceyrke utgjer den største gruppa lønnstakarar i kommunen, er ikkje denne yrkesgruppa stor samanlikna med andre kommunar i Nordhordland eller fylket som heilskap. Faktisk er Osterøy blant dei fire kommunane i Vestland som har lågast del av lønnstakarane i dette yrke.


Samanlikna med fylket er det spesielt handverksyrke og prosess- og maskinoperatørar kommunen skil seg ut på; 15 % av lønnstakarane i kommunen jobbar innan handverksyrke, og 16 % som prosess-

¹³ Lønnstakarar skil seg frå sysselsette ved at sjølvstendig næringsdrivande ikkje er inkludert i førstnemnde.

og maskinoperatørar. Sidan SSB ikkje publiserer tilsvarende statistikk for lønnstakarar etter arbeidstad kan vi ikkje samanlikne dei som bur i Osterøy med dei som jobbar der (uavhengig av bustad).

Framtidig erstatningsbehov

Basert på alderen i arbeidsstyrken kan vi estimere kor stort erstatningsbehovet vil bli i ulike næringar. Dersom vi legg til grunn at behovet for arbeidskraft ikkje vil falle i takt med fråfall grunna alderspensjon, vil desse næringane trenge ny arbeidskraft som minst svarar til talet som pensjonerer seg kvart år.



Figur 25: Sysselsette etter aldersgruppe for Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland, 2019

Figuren viser kor stor del av dei sysselsette i Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland som heilskap som er i ulike aldersgrupper. Statistikken er samla inn i november 2019.


Kjelde: SSB tabell 07984

Når vi ser på aldersfordinga på dei sysselsette samla i Osterøy, så er det tydeleg at ein relativt stor del er 55 år eller eldre. 643 sysselsette, nesten ein firedel, er 55 år eller eldre. Det er naturleg å rekne med at ein god del av desse vil gå ut av arbeidslivet over dei neste ti åra.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse

Dette er ikkje unikt for Osterøy, både i resten av Nordhordland og i fylket som heilskap er det om lag like stor del arbeidstakarar frå 55 år og oppover. Dermed må Osterøy kjempe med andre kommunar om arbeidskraft for å erstatte dei som går ut i pensjon.

Det er likevel ikkje så enkelt at når ein arbeidstakar sluttar så er det berre å finne ein annan til å ta over jobben. Den som går ut har løyst eit konkret sett med oppgåver med bakgrunn i kompetanse og erfaring som gjerne er bygd opp over lang tid, slik at det er sjeldan at kven som helst kan kome inn og som erstatning på dagen. Det er derfor nyttig å vite noko om erstatningsbehovet i ulike næringsgrupper. Dette gir i alle fall ein peikepinn på kva kompetanse som blir viktig å erstatte framover.



Figur 26: Tal sysselsatte 55-74 år i næringsgrupper i Osterøy, 2019

Figuren viser kor mange av dei sysselsatte i kvar næringsgruppe i Osterøy som er i alderen 55-74 år. Berre næringsgrupper med >40 sysselsatte er inkludert. Statistikken er samla inn i november 2019.

Kjelde: SSB tabell 07984


Som figur 26 viser, er det tre næringar som står for meir enn halvparten av sysselsatte 55 år eller eldre i Osterøy: helse og sosial, industri og transport og lagring. Dette er også blant dei største næringane i Osterøy.

Dersom vi ser på kor stor del dei ulike aldersgruppene utgjør i kvar næringsgruppe får vi eit bilete av kor erstatningsbehovet relativt sett er størst, og ikkje minst kor god «etterveksten» av yngre arbeidstakarar er i næringsgruppa.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse

Figur 27 viser at Jordbruk, skogbruk og fiske har klart flest sysselsette som er 55 år eller eldre. Ein kan vente at 41 % av dei som jobbar i denne næringsgruppa vil gå ut av arbeidslivet i løpet av dei neste 10-15 åra. Innan personleg tenesteyting og transport og lagring gjeld dette for nesten ein tredel av dei sysselsette. På motsett side ser vi at det innan varehandel er relativt få sysselsette i dei eldste aldersgruppene. Det er i stor grad unge som jobbar i varehandel.

Igjen skil ikkje Osterøy seg spesielt ut frå andre kommunar i regionen kva gjeld aldersfordeling i ulike næringar, slik at det vil kunne bli auka konkurranse om arbeidskrafta innanfor dei næringsgruppene som har størst erstatningsbehov.




Figur 27: Del sysselsette i næringsgrupper etter aldersgrupper i Osterøy, 2019

Figuren viser kor stor del av dei sysselsette i kvar næringsgruppe som er i ulike aldersgrupper. Berre næringsgrupper med >40 sysselsette er inkludert. Statistikken er samla inn i november 2019.

Kjelde: SSB tabell 07984

NAV har estimert erstatningsbehovet i dei store næringane i Nordhordland. Der kjem Transport og lagring opp som den næringa som kjem til å ha størst erstatningsbehov dei komande åra (unntatt restkategorien Uoppgitt). Deira tal seier at 45 % av dagens sysselsette i denne næringa må erstattast dei komande fem åra. Vi noterer oss også at bygg- og anlegg, som er ei stor næring i Osterøy, også ligg høgt oppe på denne lista.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse



Figur 28: Erstatningsbehov i Nordhordland etter næring neste 5 år (NAV prognoser)

Figuren viser kor stor del av dei sysselsette i kvar næring i Nordhordland som er venta å trenge erstatning dei neste fem åra. Uoppgjeve kjem ut som kategorien med høgast erstatningsbehov. Det skuldast truleg at eldre arbeidstakarar i større grad er registrert før ein fekk gode rutinar på å registrere tilhøyrande næring.


Kjelde: NAVs arbeidsmarkedsprognose for 2020

4. Kompetanse

Nøkkelfunn frå kapittelet

- Osterøy har ein høgare del sysselsette med grunnskule som høgaste utdanningsnivå og lågare del med høgare utdanning samanlikna med resten av Nordhordland og Vestland som heilskap. For både Osterøy og resten av Nordhordland er den største gruppa dei med vidaregåande utdanning som høgaste utdanningsnivå.
- Skilnaden i utdanningsnivå mellom dei som jobbar i Osterøy og dei som bur i kommunen, men jobbar både der og i andre kommunar, gjer at vi grovt forenkla kan sjå teikn til at Osterøy sendar ut arbeidstakarar med høgare utdanning mens dei får inn arbeidstakarar med vidaregåande som høgaste utdanning, truleg mykje fagarbeidarar. Dette heng nok saman med næringsstrukturen.
- I 2018 var det 357 studentar i høgare utdanning som hadde budd i Osterøy da dei var 16 år gamle. Det er det lågaste talet sidan 2011. 65 % av studentane var kvinner.
- Samla for perioden 2014-2018 hadde Osterøy likevel best kjønnsbalanse blant studentane frå Nordhordland, saman med Meland.

Utdanningsnivå i arbeidsstyrken i Osterøy



Figur 29: Utdanningsnivå for sysselsette i Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland, 2019


Figuren viser kor stor del av dei sysselsette som har ulike utdanningsnivå som si høgaste fullførte utdanning i høvesvis Osterøy, resten av Nordhordland og Vestland som heilskap.

Kjelde: SSB tabell 11615

Osterøy har ein høgare del sysselsette med grunnskule som høgaste utdanningsnivå og lågast del med høgare utdanning. Saman med resten av Nordhordland er den største gruppa dei med vidaregåande utdanning som høgaste utdanningsnivå. Dette speglar nok skilnader i næringsstrukturen mellom Nordhordland og fylket som heilskap, med et høgare innslag av bygg- og anlegg, industri og transport i førstnemnde. Bergen dreg også opp utdanningsnivået i fylket som heilskap vesentleg, slik at Osterøy og resten av Nordhordland ikkje skil seg markant ut dersom vi held fylkeshovudstaden utanfor.

Dersom vi ser på utdanningsnivået til dei sysselsette som bur i kommunen, uavhengig av kor dei jobbar, er biletet om lag det same. Den einaste markante skilnaden er at 4 prosentpoeng fleire av dei busette har kort høgare utdanning, samanlikna med dei som jobbar i kommunen. Delen av busette med vidaregåande som høgaste utdanning er tilsvarande lågare. Dette er likt med resten av Nordhordland. Grovt forenkla tyder dette på at kommunane her sendar ut arbeidstakarar med høgare utdanning, mens dei får inn arbeidstakarar med vidaregåande som høgaste utdanning, truleg mykje fagarbeidarar. Dette heng nok igjen saman med næringsstrukturen.

Nullpunktsanalyse for Osterøy – næring, arbeid og kompetanse




Figur 30: Del sysselsette med utdanningsnivå etter fagfelt i Osterøy, 2019

Figuren viser kor stor del av dei sysselsette i Osterøy som har ulike utdanningsnivå som si høgaste fullførte utdanning og kva fagfelt dei er utdanna innan.


Kjelde: SSB tabell 11615

Figur 30 viser kva fagfelt dei sysselsette i Osterøy har si utdanning innan. Dei fleste fagfelt er dominert av personar med grunnskule eller vidaregåande som høgaste utdanning. Unntaket er humanistiske og estetiske fag, lærar- og pedagogikkutdanning og samfunnsfag og juridiske fag. Osterøy skil seg ikkje markant frå resten av Nordhordland i dette, og det er heller ikkje særleg skilnad mellom dei som bur i Osterøy og dei som jobbar i kommunen. Dette tyder at utdanningsnivå etter fagfelt heng tett saman med kva næringar fagfelte er retta mot, og at det ikkje er noko som tydar på at Osterøy skil seg frå resten av Nordhordland i så måte.

Elevar i vidaregåande opplæring – studieprogram



Figur 32: Del elevar på VG1 i Nordhordland og Vestland etter studieprogram, 2018-2019




Figur 31: Delen av elevane som tek yrkesfag. Maks: Nordhordland med 80 %. Min: Bergen med 42

Figur 32 viser kor stor del av elevane på VG1 i Nordhordland og i Vestland som går på ulike studieprogram skuleåret 2018/2019. Figur 31 viser kor stor del av elevane på VG1 i regionane i Vestland som går på yrkesfag. Dess mørkare farge dess større del på yrkesfag.

Kjelde: Skoleporten.no

Nordhordland skil seg frå dei andre regionane i Vestland når vi ser på fordelinga av elevar på VG1 mellom dei ulike programma. Heile 80 % av elevmassen på VG1 går på yrkesfag, og ingen andre regionar har like stor del elevar på teknikk og industriell produksjon. Igjen ser vi at ungdom sine utdanningsval heng dette tett saman med næringsstruktur i kommunen og regionen.

Studentar frå Osterøy



Figur 33: Tal studentar i høgare utdanning som var busett i Osterøy som 16-åringar etter kjønn, 2000-2018

Figuren viser tal studentar i høgare utdanning kvart år som var registrert som busette i Osterøy da dei var 16 år gamle.


Kjelde: SSB tabell 09224

Figur 33 viser at det har vore ein relativt jamn auke i talet studentar i høgare utdanning som budde i Osterøy da dei var 16 år gamle. Folketalet har også auka i same periode. Vi ser også at det er langt fleire kvinner enn menn frå Osterøy som har teke høgare utdanning dei siste åra. Dette er i tråd med den nasjonale utviklinga. I 2018 var 65 % av studentane frå Osterøy kvinner.

Frå 2000 til 2012 auka talet kvinnelege studentar frå Osterøy med 59 %, medan talet mannlege studentar auka med 40 %. Deretter skjedde det eit skifte, slik at det fram til 2016 var om lag like stor vekst blant begge kjønn, før det var ein vesentleg nedgang for begge kjønn i 2017-2018. I denne perioden blei delen kvinner også høgare enn det hadde vore på ein del år.

Ser vi på delen kvinner blant studentar i perioden 2014-2018 er likevel Osterøy den kommunen i Nordhordland med best kjønnsbalanse, saman med Meland. For perioden samla var 61 % av studentane i høgare utdanning kvinner. Dette var så vidt høgare enn for fylket som heilskap (60 % kvinner).

Kjønnskilnader i kven som tek høgare utdanning heng nok tett saman med næringsstruktur i heimkommunen og regionen rundt, slik at utdanningsbehovet i dei aktuelle næringane påverker ungdommar vel å ta høgare utdanning, fagbrev eller liknande. Som vist tidlegare har Osterøy, og resten av Nordhordland, eit arbeidsliv kor mange menn jobbar i industrien og bygg og anlegg, medan tilsvarende mange kvinner jobbar innan helse og undervisning. Tradisjonelt har førstnemnde hatt stort innslag av fagarbeidarar, medan sistnemnde i større grad krev høgare utdanning.



vestlandfylke.no